



Bjørng Kvamme - representant andre tilsette

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/723 - 14/26579

Saksbehandlar:

Leif Bjørnar Hopland

leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no

Dato:

27.11.2014

## Referat SU 26.11.2014

**Tid:** onsdag 26. november 2014 kl. 18.00-19.00

**Stad:** Alversund skule, personalrom

**Til stades:**

Thomas Wiik (FAU-leiar)

Lill Cecilie Bjørndal (FAU-representant)

Nina Håheim (lærarrepresentant)

Wenche Elisabeth Bjørsvik (vararepresentant andre tilsette)

Hilde Reigstad (inspektør) – for rektor

Magnus Toft (elevrådsrepresentant)

Brage Legernes (elevrådsrepresentant)

Sæbjørg Kjeka (kommunalt oppnemnt repr.)

**Sakliste:**

Sak 10-14/15 Godkjenning av referat og møteinnkalling  
Referat og møteinnkalling godkjend.

Sak 11-14/15 **Høyring – Organisering av leksehjelp i grunnskulen i Lindås kommune.**  
SU ved Alversund skule er samd i forslaget om å leggje leksehjelp til 5.-7.trinn.  
SU er og samd i at det skal nyttast pedagogar til å gjennomføre leksehjelpe. Det må tilførast nye midlar til Alversund då det vert uråd å ta frå den alt eksisterande ramma.

SU vil at rektor skal kunne gjere tilpassingar i særlege høve. Skulen bør vere i forkant og gje tilbodet til dei som treng leksehjelp. Mange elevar kan gjerast ansvarlege for leksearbeidet sitt sjølv.

Sak 12-14/15 **Høyring - forskrift for ferie- og fridagar for skular og barnehagar 2015-2016**

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733



Skuleruta legg opp til gode læringsperiodar. SU synest at skulen byrjar seint i august og ønskjer skulestart torsdag 13. august i staden for måndag 17. august. I desember er det ønskjeleg å ta julefri fredag 18. desember i staden for 22. desember som føreslått.

SU går for samanslått vinter- og påskeferie som foreslått.

Sak 13-14/15 **Rehabilitering av Alversund skule**

Vi avventar kommunestyremøte 27. november og 11. desember. Det er gjennomført risikovurderingar i samband med rehabiliteringa. Sjølve rehabiliteringa i tillegg til vedlikehaldskostnadar vil verte ein høg sum. Ny skule og hall i kombinasjon er ei framtidsretta løysing. No er det opp til politikarane.

Sak 14-14/15 **Økonomi. Rekneskap for 2014 – per november**

- Skulen ligg godt an i forhold til bunnlinja.
- Vi har brukt noko ekstra lærar/vaksen i samband med lærarbytte.
- Budsjett 2015 skal til politisk behandling før vi veit kva det vil bety for skulen.

Sak 15-14/15 **Arbeidet med organiseringa av området Oppvekst**

Sektoren skal kartleggje og analysere eigen praksis for å skaffe seg oversyn over faglege prioriteringar, tiltak og rutinar som er etablert. Med hovudfokus på leiarstruktur og støttefunksjonar skal prosessen danne utgangspunkt for vidareprioriteringar i høve til tverrfagleg samarbeid, førebyggjande arbeid, faglege prioriteringar samt organisering av tenestene.

Det er sett ned ei prosjektgruppe med deltakarar innanfor alle organisasjonane innanfor oppvekst. I tillegg er det valt ut ei referansegruppe der rektor ved Alversund er valt inn for å representere rektorane i Knarvik skulekrins.

Sak 16-14/15 **Elevrådsarbeid**

- Elevrådet er i gong med Garderobeaksjonen.
- Det vert elevrådskafè fredag 12. desember.
- Elevrådet har ei sak gåande vedkomande aktivitetar i friminutta.

Sak 17-14/15 Eventuelt

Hilde Reigstad/Nina Håheim  
-referent-

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*